

Kommunikasjonsplan

vår nye
kommune



Fase 2: Førebuande fellesnemnd

- desember 2016 – juni 2017

Desember 2016

1 Innleiing

Denne kommunikasjonsplanen skal vera ein reiskap for informasjon knytt til arbeidet med kommunereforma for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Fase 2 av kommunikasjonsplanen strekkjer seg frå desember 2016 til juni 2017, medan fase 3 vil gjelda perioden juni 2017 fram til ein ny kommune er etablert frå januar 2020. Tiltaksdelen i planen vert revidert og tilpassa undervegs. Fram til det er gjort formelt vedtak om namn på den nye kommunen, nyttar vi namnet **Vår nye kommune**.

2 Bakgrunn


Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei kommunereform der målet er å skapa større og meir robuste kommunar med auka makt og mynde. 1. halvår 2016 forhandla dei tre kommunane ved felles forhandlingsutval fram ein intensjonsavtale som vart presentert den 7. mars. Fram mot juni vart det gjennomført ei rekkje informasjonstiltak, mellom anna to folkemøte i kvar av dei tre kommunane. Det vart også gjennomført ei innbyggjarundersøking i april/mai.

På basis av intensjonsavtalen, vedtok dei tre kommunestyra den 20. juni å søkja om å få etablert ein ny felles kommune med iverksetjingsdato den 1. januar 2020.

I september/oktober 2016 vedtok dei tre kommunane å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» (FF) som skal starta arbeidet med å førebu ei samanslåing og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med inndelingslova. Kommunestyra har valt 17 representantar til den førebuande fellesnemnda (FF). FF er supplert med tre representantar vald av organisasjonane/vernetenesta i dei tre kommunane som får observasjonsstatus med tale- og forslagsrett. Eitt av mandata til FF er å utarbeida ein kommunikasjonsplan og syta for fortløpande informasjon til dei tilsette og innbyggjarane.

Etter at Stortinget 1. halvår 2017 har gjort vedtak om samanslåing, skal Fylkesmannen kalla inn til felles kommunestyre der det mellom anna skal opprettast ei fellesnemnd i samsvar med inndelingslova. Denne kommunikasjonsplanen (fase 2) gjeld i perioden fram til Stortinget venteleg har gjort vedtaket om å slå saman kommunane.

Skissa nedanfor viser tidslinja for kommunereforma som Stortinget har slutta seg til.



3 Prinsipp

I denne planen vektlegg vi kommunikasjon framfor informasjon. Det gjev grunnlag for ein interaktiv kommunikasjon med innbyggjarane. Kommunikationsplanen byggjer på dei fem statlege prinsippa for kommunikasjon.

- **Openheit**
Det skal leggjast til rette for ein open samfunnsdebatt og sikra innsyn for både media og innbyggjarane. Møta i FF er opne for media og andre interesserte.
- **Medverknad**
Det skal leggjast til rette for at innbyggjarane vert tekne med på råd og at dei vert involverte i prosessen. Dette gjeld også dei som representerer dei tilsette (tillitsvalde). Det skal etablerast ulike møteplassar og elektroniske plattformer for å sikra at innbyggjarane vert ein medspelar i kommunereformarbeidet.
- **Inkludering**
Vi skal gjera det vi kan for at all relevant informasjon når fram til alle målgruppene våre. Informasjonen skal tilpassast dei ulike målgruppene.
- **Aktiv informasjon**
Informasjonen skal gjevast aktivt og i tide og gje korrekt og aktuell informasjon. Det skal leggjast til rette for at informasjon vert delt og kan delast.
- **Heilskapleg informasjon**
Informasjonen om kommunereformarbeidet skal vera heilskapleg og samordna. Kommunikasjonen må difor til ei kvar tid vera forankra i alle dei tre kommunane.

4 Mål for kommunikasjonen

Hovudmål

Hovudmålet for kommunikasjonen knytt til kommunereforma er at alle vert sikra god og relevant informasjon om arbeidet med å byggja ei ny kommune samansett av dei noverande kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Med *alle* meiner vi først og fremst innbyggjarane og dei tilsette i dei tre kommunane, men også andre som har interesse for arbeidet med å byggja ein ny kommune i regionen.

Delmål for kommunikasjonen

- Leggja til rette for god dialog med alle målgruppene i fase 2
- Etablera god kontakt med næringslivet og den frivillige sektoren
- Sikra tillit til prosessen
- Bidra til eit godt tillitsforhold og samarbeid mellom politikarar, administrasjon og tillitsvalde/vernetenesta
- Skapa engasjement og gode forventningar til resultatet av arbeidet

5 Målgrupper

Arbeidet med kommunereforma er eit omfattande arbeid som inkluderer mange og har ei rekkje målgrupper. Hovudbodskapan er lik, men det vert lagt til rette for å tilpassa informasjonstiltaka til dei ulike målgruppene.

Målgrupper

- Innbyggjarane (mellom anna barn og ungdom)
- Innbyggjarar i nabokommunar
- Eigne medarbeidarar
- Tillitsvalde
- Næringslivet
- Politikarar
- Lag og organisasjonar
- Andre styresmakter
- Media
- Evt. andre interesserte

6 Bodskap

Hovudbodskapan i kommunikasjonsplanen i fase 2 er å informera om arbeidet i førebuande fellesnemnd fram til sommaren 2017.

Delmål:

- Gje truverdig og lett tilgjengeleg informasjon om det fortløpande arbeidet i den førebuande fellesnemnda
- Synleggjera at målet med å etablere ein ny kommune er å gje tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane.
- Synleggjera at dei tre kommunane i stor grad har felles verdiar, kultur, identitet og språk.
- Gjere innbyggjarane trygge på at dei vert involverte og opplever medverknad i arbeidet med kommunereforma.
- Etablere attraktive møtearenaer for utveksling av informasjon
- Sikra at dei tilsette opplever jamleg og relevant informasjon og at dei opplever reell medverknad

7 Organisering av kommunikasjonsarbeidet

I fase 2 har den førebuande fellesnemnda det overordna ansvaret for kommunikasjonen. Leiargruppa, samansett av dei tre ordførarane fungerer som ei redaksjonsgruppe for kommunikasjonsarbeidet. Informasjonsrådgjevar i Fjell syter for den praktiske gjennomføringa av informasjon om arbeidet i den førebuande fellesnemnda.

8 Verkemiddel

I fase 2 i arbeidet med å byggja ein ny kommune, er det eit hovudmål å gje informasjon om arbeidet i den førebuande fellesnemnda. Informasjonen skal gjevast både internt (eigen organisasjon) og eksternt (innbyggjarane og andre interesserte).

Aktuelle tiltak (fase 2) som vert vurderte undervegs:

- Vidareutvikling av felles nettstad (vaarnyekommune.no)
- Bruk av sosiale medium
- Jamleg informasjon på nettsidene til kommunane
- Pressemeldingar, pressekonferanse og mediekontakt
- Informasjon til leiarar og tilsette i kommunane
- Folkemøte/Open dag/tankesmie
- Annonsering
- Informasjonspakke (faktaark, presentasjon)
- Promoteringsfilm for regionen og dokumentasjonsfilm for kommunereformprosessen

9 Tiltaksplan

Tiltaksplanen viser konkrete informasjonstiltak retta mot dei ulike målgruppe. Denne delen av kommunikasjonsplanen skal vera eit levande dokument som vert oppdatert etter behov.

Målgruppe	Bodskap	Tiltak/ verkemiddel	Mål	Tid	Ansvar
Innbyggjarar og eigne tilsette	Løypemelding om arbeidet til førebuande fellesnemnd	Info på nettside til kvar kommune	Informasjon	Nov.-juni	Inforådgj.

